

# Tverrfagleg grunnlagsdokument for Kvam Familie- og læringscenter

## 2018-2019



## VISJON :

## Heilskapleg blikk - felles ansvar

### INNHALD:

1. OPPDRAGET - bakgrunn
2. FAGLEG PLATTFORM /LOVGRUNNLAG
3. MÅL OG STRATEGIAR
4. VERDIGRUNNLAG
5. TVERRFAGLEG SAMARBEID/INNSATS
6. KOMPETANSE
7. TEIEPLIKT og DOKUMENTASJON
8. LEIING
9. FORSKING og STATLEGE FØRINGAR

Kjelder

Litteraturliste

Vedlegg

# 1 OPPDRAGET – bakgrunn

## **Bakgrunn for etablering av Kvam Familie- og Læringscenter:**

Saka vart vedteken i Heradstyret 18.12.2012, i samband med **Budsjett 2013 og Økonomiplan 2013-2016**. I pkt 1.3.1 i ønska rådmannen tiltak for å betra oppvekstvilkåra i kommunen; «... spesielt tre viktige tiltak for å styrkja satsinga på barn og unge sine oppvekstvilkår; vidareutvikling av kvaliteten i skulen, oppfylla måla i barnehageplanen og til slutt etablering av «Kvam familie- og læringscenter» (sitat).

Kvam Herad fekk tilsagn på kr.1.050.000 i skjønsmidlar frå Fylkesmannen til fornyings- og utviklingsarbeid for å etablere Kvam familie- og læringscenter i 2015. Frå 1/3-15 vart midlane nytta til prosjektleiing i 40% og til delprosjekt innan førebyggjande ungdomsarbeid og introduksjonsplan for fleirspråklege born i Kvam i 2016.

**Økonomiplan 2016– 2019 s. 98-101:** Særtema 6.19. KFL. Målsetjingar i øk.planen er innbakt i dette grunnlagsdokumentet.

## **MÅLGRUPPE for tenestene i KFL:**

Alle familiar med barn og unge som oppheld seg i Kvam Herad. Sårbare/risikoutsette born/ungdom og deira familiar 0-23 år er i særskilt fokus. Målgruppa kan delast inn i fem hovedområde (jf. NOU 2009: 22). Born med Psykiske vanskar, lærevanskar, åtferdsvanskar, funksjonshemming/langvarig sjukdom, utrygge oppvekstvilkår.

Området utrygge oppvekstvilkår omfatter barn og unge som opplever omsorgssvikt, har foreldre med psykiske lidelser og/eller rusproblemer, som er utsatt for og/eller vitne til vold, overgrep, som lever i fattigdom, og barn med to hjem.

## **Grunnlagsdokumentet har fleire viktige funksjonar:**

- Synleggjera og gje retning i det tverrfaglege arbeidet
- Felles plattform som kan gje betre oppfølging og tydeleg ansvar
- Grunnlag for søknader om prosjektmidlar

### Oppsummering:

”Helse” stammer fra det gamalnorske ordet ”heill” som betyr heil eller heilskap. Det betyr ikkje fullkommenhet eller skadefrihet, men heilskap.

Tenestene er oppstykkja fordi dei er bygd opp om profesjonsgrupper og ulikt lovverk, – ikke mennesker. Tenestene må tilpassast den enkelte brukar. Me har mange tenester som er gode kvar for seg. No vil me sikra heilskap. Det er på tide å sette saman bitane. Det er på tide å lage ei heilskapleg hjelpeteneste for heile mennesket og den livssituasjon den er i. jamfør ”Framtidens primærhelsetjeneste – nærhet og helhet”.

# 2 FAGLEG PLATTFORM og LOVGRUNNLAG

Kommunen har ansvar for å driva generell førebygging og utarbeida tiltak som førebyggjer psykiske vansker, omsorgsvikt og adferdsproblem. Alle tenester som er i kontakt med born har plikt til å søkje å avdekke uheldige forhold og setje i verk nødvendige tiltak (kommunelova).

Hovudlovverk som regulerer tenestene i KFL;

<b>Helsestasjon/skulehelsetenesta:</b>	Helse- og omsorgslova
<b>Barnevernet:</b>	Lov om barneverntjenester
<b>Pedagogisk Psykologisk Teneste:</b>	Opplæringslova og barnehagelova
<b>Kommunelogoped:</b>	Opplæringslova
<b>Støtteteam barnehage:</b>	Barnehagelova
<b>Familiesenter:</b>	Helse- og omsorgslova

## **I tillegg har arbeidet forankring i fylgjende lovverk:**

Lov om barn og foreldre, Forvaltningslova, Helsepersonellova, Sosialtjenestelova, Folkehelselova, Politilova, Alkohollova

## **Andre einingar/ tenester i Kvam Herad som har ansvar innan fagområde barn/unge/familiar, men som pr. i dag ikkje er organisert i oppvekst/KFL:**

- Helse/Omsorg; Fysioterapi for barn, legetenesta, psykomotorisk fysioterapi, Forvaltarkontoret, NAV, Rus og psykisk helse (ROP).
- Samfunn og utvikling; Folkehelsekoordinator, støttekontaktordninga, Aktiv Fritid

Forplikande samarbeid er godt forankra i både lovverk og planar som regulerer tilbod til born/unge og familiar:

## **Helse - og omsorgsplanen Kvam Herad;**

*For å sikra ein best mogleg oppvekst for barn og unge i Kvam er det særst viktig at desse aktørane samarbeider godt med kvarandre og med aktørar på fritidsarenaen.*

*I tillegg vil eit tett og forplikande samarbeid med barnehage, skule og øvrige hjelpetenester styrkja dette potensialet. Hovudoppgåvene for Kvam familie- og læringscenter er oppbygging av tverrfaglege og tverrsektorielle system kringalle tenester til barn og unge. Systemet skal ivareta både førebygging, tidlege innsats og naudsynt behandling til dei som treng det.*

**Plikt til samhandling, barnevernslova § 3-1.**

**Andre instansar som Kvam Herad samarbeider med når det gjeld born/unge/familiar;**

- Hordaland Fylkeskommune; Vidaregåande skular, OT/PPT vgs
- 2.line-tenesta; Helse-Bergen, BUP, Statped
- Andre; BUF-etat m.fleire

### Oppsummering:

Ulike lovverk skal ikkje hindra samhandling og samarbeid på tvers. Hjelpa skal gjevast som ein heilskap og byggja på den enkelete sine ressursar.

## 3 VERDIGRUNNLAG

*Løgstrup; «Å ha med et annet menneske å gjøre, er å ha noe av dets liv i sin hånd».*

**Verdiar** er det som styrer haldningane og handlingane våre. Det er svar på spørsmålet: Kva er viktig for deg? Litt filosofisk kan det seiast; «*Dei stjernene me styrer etter*» (Aadland 2005:123). KFL vil ha tydeleg verdigrunnlag for å skapa gode haldningar.

Verdiar er tufta på FNs barnekonvensjon, lovverket til dei ulike avdelingane, Kvam herad sine etiske retningslinjer, medarbeiderhjulet og leiarhjulet. Verdiane er også i samsvar med Rammeplan for barnehagar og Kunnskapsløftet for grunnskulen.

Alle fagpersonar skal ha kjennskap til kommunen sitt verdigrunnlag og bruka dette aktivt i sitt daglege arbeid. På denne måten har ulike fagpersonar felles plattform i møte med innbyggjarane.

**Medarbeiderhjulet** [www.kvam.no](http://www.kvam.no) i Kvam Herad.

- Medarbeidarar er profesjonelle
- Er innovatørar
- Er lagspelarar

At barn, unge og familiar;

- *Vert møtt med respekt*
- *Vert sett, høyrte og verdsett*
- *Vert involvert og får medverknad*
- *Får den hjelpa dei treng til rett tid*
- *Vert møtt med ein heilskapleg tankegang*

At alle tilsette i KFL:

*Har eit positivt menneskesyn;*

- er gode medmenneske
- Fordomsfri
- viser fagleg tryggleik
- arbeider tverrfagleg

#### *Samarbeider og strekkjer oss for den enkelte*

- tenkjer heilskap og ser samanhengar
- sikrar oppfølging til vidare tiltak er avklart
- sikra god hjelp ved overgangar
- Har fokus på meistring hjå den enkelte
- er støttande og oppmuntrande i møte med brukaren
- Er opne for og samarbeider med andre som bryr seg og som har nær tilknytning til borna.
- Vågar å sjå dei borna som ikkje har det bra, «sjå det før du trur det».

#### *Er trygge fagpersonar. Profesjonell:*

- Er gode på samtaler med barn....
- Ser foreldre som dei viktigaste i born og unge sine liv
- Arbeider for å ha gode relasjonar til alle ein møter
- Audmjuk i møte med andre

#### **Oppsummering:**

Barn har absolutt verdi. Barndomen har eigenverdi i seg sjølv.

*Det viktigaste eit barn kan oppleve, er at me viser at: «EG LIKAR DEG!»*

**Barn er ikkje vanskelege. Barn har det vanskeleg.** Me er opptatt av akkurat dette, og arbeider målretta for å finna årsaka dersom ein elev «oppfører seg dårlig». Slik fanger me opp barn og unge som trenger hjelp saman med skulen og barnehagen, som arbeider etter LP-prinsipp og pedagogisk analyse, barnet i ein kontekst og å finna oppretthaldande faktorar.

# 4 STRATEGI OG ARBEIDSMETODE

**Rettleiing.** Dette er rådgevarane i KFL sitt fremste arbeidsreiskap, der rettleiar har veisøker i fokus, og stiller spørsmål slik at den andre kan reflektera og i størst mogeleg grad vera aktiv i gode løysingsframlegg, med spisskompetansen frå rettleiar (veileder). Rettleiing/veiledning er eit eige fag, og KFL ynskjer å tilby kompetanseheving i å rettleie

andre, der det teoretiske grunnlaget er tufta på Søren Kirkegaard sine ord om kjerna i all hjelpekunst: «*For at hjelpe en annen, må man først og fremst forstå hvor den andre er, og starte der*». Rettleiinga skal både ha fokus på situasjonen til den som ber om rettleiing, samt at den skal ha eit perspektiv som gjer at den gjev vekst og kompetanseheving, slik at den som ber om hjelp kan nytta kunnskapen når nye liknande situasjonar oppstår.

- **Bruka gode kartleggingsverktøy**; som gjev innsikt i omfang av utfordringar hjå innbyggjarane. Kartlegging vil gje betre kunnskap om ynskje og behov frå innbyggjarane. Inngå samarbeid med forskningsinstitusjoner som sikrar god fagligheit. Kartlegging er utgangspunkt for analyse og tiltak for den enkelte.
- **Evaluera for å sikra kvalitet i arbeid og tiltak**; Evaluera den innsatsen som vert gjennomført. Å undersøka om tiltak, program og kurs gjev ønska verknad, er vesentleg i forhold effektiv utnytting i forhold til ressursbruk. Ein kan utarbeida fornuftige registreringar i forhold til alle tiltak og program som vert nytta. Alle tiltak skal evaluerast.
- **Tidleg innsats**; alle fagpersonar skal ta bekymring på alvor, og setje i verk undersøking og tiltak så tidleg som mogeleg.
- **Auka merksemd kring risikoutsette**; alle fagpersonar skal ha kunnskap om risikofaktorar og beskyttande faktorar og utøva bevisste handlinger ut frå denne kunnskapen. På individnivå og systemnivå.
- **Kunnskap og kompetanse**; ulike tenester og fagpersonar har ulik kompetanse. Denne kompetansen skal spreiest gjennom tverrfagleg samarbeid og samhandling. Ved å få informasjon om dei andre sine fagområde og arbeidsmetodar, vil kunnskap og kompetanse utnyttast på ein god og effektiv måte. Auka kunnskap og kompetanse via felles fagdager, kurs, videreutdanningar.
- **Tverrfaglege system og strukturar**; skapa effektive tverrfaglege samarbeidsarenaer og samarbeids-team etter behov. Felles rutiner og sjekklister på korleis me møter innbyggjarane, kva me spør om, korleis me spør.
- **Personleg ansvar**; alle utfordringar ein møter på i arbeidet skal møtast på ein god måte. Inga sak skal "sleppast" om den ikkje vert overført til andre fagpersonar eller at den vert **naturleg avslutta**. Me skal søkje å avslutta saker på ein god måte når barnet/familien har fått den hjelpa me treng. .
- **Samordning**; bidreg til at hjelpesystemet framstår som heilskapleg for brukarane. Det skal jobbast tverrfagleg og fleirfagleg mot same mål i kvar enkelt sak etter behov.
- **Brukarmedverknad**; heradet sine tenester skal ha auka fokus på brukarnivå og på systemnivå. Fagpersonar skal så godt som mogeleg gje individtilpassa hjelp og støtte. Tenestene skal møta innbyggjarane sine forventningar og behov på best mogeleg måte.

## 5 TVERRFAGLEG SAMARBEID /INNSATS

Den einskilde tilsette og dei ulike avdelingane skal sjå seg sjølv og sin fagkunnskap i ein større samanheng, og forplikta seg til tverrfagleg samarbeid og innsats:

- KFL har fokus på tidleg identifisering av utsette born og unge.

- Den tilsette har eit eige ansvar for å tileigna seg kunnskap og fagleg tryggleik
- KFL løysar saker på lågast mogeleg nivå til beste for barn/unge og deira familie.

#### **Prinsipp for tidleg innsats i barnehage og skule (Jamfør Støttesystem barnehage og skule).**

- Når bekymringa oppstår skal barnehage/skule kartlegga, konkretisera og dokumentera. Samtale med barnet/ungdomen og føresette er ein del av kartlegginga.
- Føresette vert invitert til ein samtale der bekymringa vert konkretisert.
- Lærar/førskulelærar drøftar bekymringa i næraste team, og tek saka opp i barnehage/skulen sitt støttesystem/ tverrfagleg team dersom den ikkje kan løysast på avdelinga. Næraste overordna skal vera orientert.
- Lag en skriftlig handlingsplan saman med føresette/den unge. Tid for oppfølgingsmøte.
- Barnehage/skule vurderer om det er aktuelt å involvera helsestasjon/skulehelsetenesta.
- Kan saka ikkje løysast på «grønt område», dvs at tiltaka ikkje fører til ønska endring for barnet og den bekymringsfulle situasjonen varer ved, vurder om saka er aktuell for vidare tilvising til t.d. PPT eller barnevern.
- I saker der fleire instanser må involverast, vert det innhenta samtykke til dette.

#### **Prinsipp for heilskapleg innsats i KFL:**


- Kvar teneste har ansvar for å vurdere innkome .....Tenestene i KFL vurderer innkomen førespurnad/kontakt/.....først å løyse «bestillinga» dei får internt.
- Den fagpersonen som først får kjennskap til ei samansett bekymring, har ansvar for å invitere inn andre hjelpetenester, t.d. invitere til tverrfagleg drøftingsmøte eller ansvarsgruppemøte i samråd med heimen.
- Når det flyttar barn med hjelpebehov til kommunen, er det den fagpersonen som først får kjennskap til barnet og familien sine samansette hjelpebehov, som inviterer andre til tverrfagleg drøfting anonymt eller med samtykke.
- Den fagperson som vurderer at det er behov for ansvarsgruppe, grunna samansette og langvarige hjelpebehov, skal sjølv ta initiativ til det.

#### **RAUD KNAPP:**

Dette er til akutt behov for tverrfagleg rettleiing på individ- eller systemnivå, utan tilvising og ventetid. Akutt-behovet skal gå via oppvekstsjef. *Det er ansvarleg leiar som utløyser «raud knapp»*, og hjelpetenestene sender sine leiarar eller andre dette er delegert til.

NB: Hendingar med vold eller overgrep SKAL fylgja eigen prosedyre, dvs kontakta barnevernet direkte.

**Nokre** befinn seg i sårbare livssituasjonar og har behov for tiltak og noko ekstra.



**Enkelte** har behov for ekstra oppfølging. Førebygging skjer på fleire plan. Det er behov for tiltak som er retta mot **alle**.

Tiltaka i Kvam legg hovudvekt på tiltak på alle nivå, men tiltak i

grøn og gul sone er viktig for å medverke til at me får så få born/ungdommar på raudt som mogleg. KFL legg vekt på tverrfagleg systematisk førebyggingsarbeid. Med systematisk meiner me at tiltak ikkje er tilfeldige, men planlagde og sett i eit system som ikkje er personavhengig, og inkluderer tiltak på alle nivå og styrkar både barnet sjølv og dei viktige vaksne rundt. Foreldrerolla vil difor vera framheva i KFL. Utvikla gode, samordna og forpliktande tverrfaglege tenester til brukarane.

#### **Oppsummering:**

KFL skal arbeida førebyggande på systemnivå, og utvikla best mogleg tenester

Førebyggande innsats skal sjåast i samanheng med barnehage og skule sine støttesystem

#### **FAMILIETEAM: Lett tilgjengeleg hjelp til born, unge og familiar som slit.**

KFL har arbeidd for å få terskelen ned for born, unge og familiar som treng hjelp. Difor er Familiesenteret flytta ut av barnevernet, og familierettleiarane er organisert saman med kommunepsykolog og utekontakt.

Familieteam arbeider på lågterskelnivå og med saker henvist frå barnevernet.

#### **Kva kan ein ta kontakt om?**

Vanskar i familien, foreldre med bekymring for barn/ungdom, hjelp til samarbeid med andre instansar, råd og rettleiing i akutte saker.

Hjelpa kan gjevast både anonymt og med samtykke

#### **Kva tiltak har Familieteam?**

- Samtaletilbod (korttidsbehandling)
- Ulike kurs og rettleiingsprogram (COS).
- Rettleiing til born, unge og foreldre, barnehage/ skule, andre fagpersonar, Grupper

#### **Korleis ta kontakt med familieteam?**

- Barnehage og skule skal som hovudregel drøfta saka i sine interne støttesystem og med føresette før ein tek kontakt.
- Bruk kontaktskjema ([www.kvam.no](http://www.kvam.no)) og/eller telefonkontakt:
  - Anna Mo-Bjørkelund 95200535
  - Anne Valland 97636151
- Foreldre kan ta kontakt via barnehage, skule, hjelpeinstansar eller ta direkte kontakt sjølve.

# 6 KOMPETANSEHEVING

## Frå økonomiplan 2016-19:

- *Behov for kompetanseheving i høve nasjonale føringar, felles utfordringar og spisskompetanse knytt til kjerneoppgåver i dei ulike avdelingane.*
- *KFL-Tenestene i framtida vert ein attraktiv arbeidsplass med høg fagleg kompetanse.*
- *Rekruttera kvalifiserte personar til ledige stillingar i KFL.*
- *Å stå fram som eit kompetansemiljø med bevisst forhold til forskning og bruk av evidensbasert metodikk vil vera viktig i ein rekrutteringsprosess.*

Alle nytilsette i KFL/Oppvekst får delta på tverrfagleg introduksjon i september/mars, der KFL sitt grunnlagsdokument og støttesystem i barnehage og skule er utgangspunkt for introduksjonen, samt generell informasjon om alle tenestene for barn/unge/familiar i Kvam Herad.

## Tverrfagleg kompetansehevingsplan for KFL

- KFL-samlingar
- Interne fagkurs/minikurs
- Styrka kompetanse som kan bidra til tidleg intervensjon og godt tverrfagleg tilbod.
- Dela kunnskap og erfaring på tvers av tenestene, intern kompetanseoverføring
- Utvikla kommunikasjons- og arbeidsmåtar der born, unge og foreldre er delaktige
- Etablere ressurstema inna:
  - Vold og seksuelle overgrep
  - Barn som utfordrar
  - Mobbing
  - Skulevegring

**Leiargruppa har ansvar for å laga felles kompetanseheving for KFL.**

### Oppsummering:

Kunnskap og kompetanse er grunnlaget me arbeider ut frå. Kompetanse er noko som er i utvikling, som byggjer på forskning og eigen refleksjon over praksis.

# 7 TEIEPLIKT OG DOKUMENTASJON

Alle tilsette er underlagt offentlig teieplikt § 13 i offentlighetslova. Samtidig som KFL har fokus på betre samordning av tenestene, er det nødvendig å skapa tillit hos brukarane. Denne tilliten vert blant annet skapt gjennom korrekt handtering av reglane om teieplikt.

## **Tverrfagleg anonym drøfting av spørsmål og problem**

Opplysningar kan gjevast i anonymisert form, jf hlspl § 23 nr 3 og fvl § 13a nr. 2. Opplysningane vert då ikkje knytt til personar. Så lenge naudsynt fagleg samarbeid kan gjennomførast ved at tenestemottakarane er anonyme, set ikkje taushetsplikt-reglane begrensningar for samarbeidet.

## **Kravet om samtykke**

At teieplikta fell bort ved samtykke, er regulert gjennom fvl § 13d første ledd og hlspl § 22. Når opplysningar vert gjeve etter samtykke frå den det gjeld, skal ein framleis trygge brukarane med å fylgja «varsomhetsplikta». Det tilseier at ein lyt vera varsam med å meddele personopplysningar vidare til andre, sjølv med skriftleg samtykke frå føresette.

Deltaking frå barn/føresette skaper dei beste føresetnadene for å lukkast både i prosessen i forkant av tiltaka, og med gjennomføringen av dei.

Dei som yt tenester til barn, unge og familiar, blir ofte kjent med både personlege og sensitive opplysningar. Mottakarane av tenestene er tilsvarende ofte i sårbare situasjonar. Teieplikta er absolutt, og skal fylgjast.

## **DOKUMENTASJON**

**Krav til dokumentasjon er regulert i Lov om behandling av personopplysningar (personopplysningslova) LOV-2000-04-14-31**

- Avdelingane i KFL har kvar sine godkjende fagsystem.
- Det er lovfesta eigne reglar for innsynsrett

# 8 LEIING

Leiing i KFL har same målsetjing som leiing generelt i kommunale tenester, jamfør **Leiarskapshjulet**; [www.kvam.no](http://www.kvam.no).

Leiarar i Kvam er:

- Meistringsorienterte
- Innovatørar
- Effektjegarar

Leiing innan oppvekst handlar i stor grad om samordning, samarbeid, fagleg forankring, kommunikasjon og å vera tydeleg. Leiarar skal både ha fokus på dei lovpålagde oppgåvene til avdelinga, samt løfta blikket, sjå seg til sides og ta ansvar og leia endringar og utvikling med tverrfagleg innsats til det beste for born, ungdom og familiar.

Leiing er å samordna forventingar på ein god måte til det beste for brukarane og dei tilsette. Leiarane skal framelska ein kultur som vil ha kontinuerleg forbetring. LEAN som leiarverktøy er ein del av KFL på lik line med alle avdelingar i Kvam Herad. Me ynskjer å møta born og familiar som EIN kommune, ikkje som mange ulike etatar.

Leiing handlar også om leiinga som vert utøvd av medarbeidarane overfor born, foreldre og andre fagpersonar innan barnehage, skule, KFL og andre. I alt dette ligg føringar i **medarbeiderhjulet** [www.kvam.no](http://www.kvam.no) i Kvam Herad.

Born og unge treng leiarar som har dei same kvalifikasjonar, verdiar og haldningar som me vaksne etterspør. Leiing i høve sårbare familiar krev at den tilsette er ekstra lydhør og møter andre med raushet og forståing.

## **Oppsummering:**

Tenestene må leiast. Personalet må ikkje overlatast til seg sjølve. Det er ikkje nok at den enkelte tenesteyter leverer fagleg gode tenester. Det krev god og tydeleg leiing på alle nivå i organisasjonen.

# 9 Forsking og statlege føringar

**TIDLEG INNSATS. Stortingsmelding 18.** Tidleg innsats handlar om å oppdage tidleg, og å gje hjelp tidleg. Born og ungdom som treng ekstra hjelp og støtte, skal i størst mogeleg grad få tidleg hjelp i familie og ordinær barnehage- og skulesituasjon. Betydninga av tiltak før 12 år må understrekast. Forsking visar at ved hjelp til born og familiar før skulealder, aukar vidare positiv utvikling i stor grad. Identifisera fysiske, psykiske og sosiale utfordringar hjå barn, unge og familiar tidleg.

**Forebyggende innsats for barn og unge. Rundskriv Q-16/2007:**

(Alle barn og unge skal ha likeverdig tilbod og utviklingsmuligheter, uavhengig av kjønn, alder, fysisk og psykisk funksjonsnivå, religiøs-, etnisk-, og sosial bakgrunn og kor i landet dei bur. Godt forebyggende arbeid forutset ei heilskapleg satsing for alle barn og unge. Familien og nære omsorgspersonar er den viktigaste ramma kring barn og unge sin oppvekst og utvikling. Samstundes skal det sikrast god omsorg og utviklingstilhøve for barn og unge uavhengig av familiebakgrunn.

**Utsatte barn og unge – behov for bedre samarbeid.** Rapport fra helsetilsynet 5/2009: Oppsummering av landsomfattende tilsyn i 2008 med kommunale helse-, sosial-, og barnevernstjenester til utsatte barn.

**NOU 2009: 22 Det du gjør, gjør det helt, bedre samordning av tjenester for utsatte barn og unge.**

**NOU 2015; Å høre til, virkemidler for trygt psykososialt skolemiljø.**

**Stortingsmelding nr.26 Fremtidens primærhelsetjeneste – nærhet og helhet. Om førebygging.**

**Kvalitetskriterier for PPT. Udir 2016.**

**Trygghet, deltagelse og engasjement. [www.regjeringen.no](http://www.regjeringen.no) 2013. Barne- likestillings og inkluderingsdepartementet.**

**NOU 2009: 08 Kompetanseutvikling i barnevernet.**

**Et liv uten vold. Handlingsplan mot vold i nære relasjoner 2014-17**  
[www.regjeringen.no](http://www.regjeringen.no)

# 10 KFL-HUS

Frå økonomiplan 2016-19: Skaffa felles KFL-hus der tenestene vert samlokalisert, og avklara om KFL skal ha eigen leiar ved framtidig samlokalisering.

Det vart starta ein prosess august 2016 med plan for nytt KFL-bygg ved rådhuset. Huset står ferdig i desember 2018.

## Oppsmmering:

Hjelpetenestene for born, unge og familiar har vore og er lokalisert på ulike stader med få eller ingen felles møteplasser. Tenesteytarane deler i stor grad ansvaret for dei samme brukarane, men har separate journalsystemer og kan ikkje deleinformasjon.

KFL ynskjer å samla «bitane» på same stad, og då er samlokalisere tenestene våre eit godt mål, som også er initiert av rådmannen. «Ei dør inn» gjer det enklere for brukarar som er usikre på kor dei skal gå. Det vil også legge til rette for meir samhandling mellom ulike personellgrupper, men å halde til under samme tak er ikkje det aller viktigaste, det aller viktigste er å arbeide saman. Difor ynskjer me ikkje berre samlokalisering, men også samorganisering.

## VEDLEGG

1. Kontaktskjema Nye familiesenter mm.
2. Registreringsskjema LOS
3. Samtykkeskjema.
4. KS taushetsplikt og samhandling i kommunalt arbeid for barn- ungdom-familiar (Oslo-13)
5. Etske retningslinjer i Kvam Herad [www.kvam.no](http://www.kvam.no)
6. Medarbeidarhjulet
7. Leiarhjulet
8. Om kjerne-tenestene i KFL

## KJELDER

- Veileder om taushetsplikt og samhandling. KS 2013
- Stortingsmeldingar
- NOU
- Lovverk
- Heradstyrevedtak 18.12.16
- Økonomiplan 2016-2019
- Økonomiplan 2018-2021

Vedlegg:

**Helsestasjon og skulehelsetenesta:** Helsestasjon –og skulehelsetenesta er ei lovpålagt teneste til alle born, unge 0-20 år, og alle gravide som ynskjer å gå til svangerskapskontroll i tilknytning til helsestasjon. Tenesta skal bidra til å førebygge sjukdom og skade, fremje god fysisk og psykisk helse hjå blivande foreldre og barn og ungdom 0 -20 år, og fremja gode sosiale og miljømessige forhold. Tenesta er lovfesta i Helse-og omsorgslova, og skal vera eit viktig tiltak i kommunen for å bidra til å sikre barn og ungdom eit godt oppvekstmiljø, og vera eit kraftsenter for helse og oppvekst. Tenesta er sentral i kommunen sitt folkehelsearbeid. Arbeidet vert utført av helsesøster, jordmor, lege og fysioterapeut. Gjennom kontakt med alle familiar, barn og ungdom sikrer tenesta heile befolkninga tilbud om vaksiner, helseundersøkingar og informasjon om korleis ein skal førebygge sjukdom og skader, og støtte til meistring og positiv utvikling.

**Barnevernet** regulerast i hovudsak ut frå Lov om barneverntjenester. Barnevernet si hovudoppgåve er å sikre at barn og unge som lever under forhold som kan skade deira helse og utvikling, får naudsynt hjelp og omsorg til rett tid. Barneverntenesta skal søke å avdekke omsorgssvikt, adferds-, sosiale og emosjonelle problem, og sette i verk tiltak i forhold til dette, så tidleg at barn unngår å få varige problem. Hjelpetiltak har som formål å bidra til positiv endring hos barnet og i familien. Barn som ikkje kan bu heime skal fortrinnsvis få bu i fosterheim. Institusjonstiltak kan nyttast, men hovudsakleg for korte periodar og dersom dette er det beste alternativet. Barneverntenesta skal, uavhengig av kva tiltak som er sett i verk, følgje opp barnet og familien så lenge tiltaka varar.

**PPT** er regulert av opplæringslova §5-6 og barnehagelova §19. Kvar kommune skal ha ei fagleg kompetent pedagogisk-psykologisk teneste. Tenesta skal hjelpe skule og barnehage i arbeidet med kompetanseutvikling og organisasjonsutvikling for å leggje opplæringa betre til rette for elevar med særlege behov. PPT skal sørge for at det vert utarbeidd sakkunnig vurdering der lova krev det. PP-tenesta er tilgjengeleg og medverkar til heilskap og samanheng PP-tenesta arbeider førebyggjande og skal bidra til tidleg innsats. I tillegg driv støtteteam PPT førebyggjande rettleiing og arbeider etter prinsippa i Tidleg innsats. Tenesta skal samarbeide tett med leiinga for barnehage og skule. Departementet kan gje forskrifter om dei andre oppgåvene til tenestesta.

**Kommuneløp** er ei behandlingsteneste i høve språk- og kommunikasjonsvanskar for alle innbyggjarar 0-100 år, unnateke ungdom 16-19 år som regulert i opplæringslova.

**Støtteteam barnehagar:** Spesialpedagogar som driv spesialpedagogisk hjelp til enkeltborn etter vedtak regulert i barnehagelova § 19c. Hjelpa inneheld fast rettleiing til foreldre og tilsette i barnehagen.

### **Familiesenteret:**

KFL si [tiltaksavdeling](#), som driv både førebyggjande og behandlande.

**Familieteam:** Familierettleiarar og Kommunepsykolog arbeider ut frå tidleg innsats: Lågterskeltilbod for born/unge og familiar, som skal gje tidleg hjelp for å hindre utvikling av vanskar.

**LOS for ungdom** skal bistå skule, heim og andre i hjelpeapparatet for å hindra fråfall i skulen og sikre koordinert hjelp til ungdommen (skuleåret 17/18).

**Utekontakt:** Arbeider førebyggjande og oppsøkande overfor alle ungdomar i Kvam.

### **FELLES SYSTEM; RUTINER OG HEILSKAPSTENKING:**

*KFL skal saman med ....:*

- *Arbeida bevisst med å samordna og koordinera tenester*
- *Best mogleg helse for meistring av livet (psykisk helse)*
- *Nulltoleranse for mobbing*
- *Inkludering av alle*
- *Meistring i fokus*
- *Tverrfagleg samarbeid i Kvam som metode*
- *Hindra utenforskap*